



Rammeplan for opplæring

Spel- og dansarlag

Folkemusikkarrangørar

Folkemusikk- og folkedansutøvarar



Utarbeidd av Rannveig Djønne og Marit Vestrum

FolkOrg

Oslo, november 2012

Føreord

I 1992 fekk Landslaget for Spelemenn sin fyrste rammeplan for studiearbeidet. Planen vart utarbeidd av Bjørn Laupsa Borge, Magnar Sundt og Ingar Ranheim. I 2009 vart Landslaget for spelemenn slått saman med Norsk Folkemusikk- og danselag. Året etter kom ei ny lov om vaksenopplæring, og det er på tide å utarbeide ein ny rammeplan for den nye organisasjonen FolkOrg.

Kompetansebygging og opplæring er eit grunnleggjande punkt i virket til lokallaga i FolkOrg og i handlingsplanen til organisasjonen. Også kompetansebygging for arrangørane og dei profesjonelle utøvarane våre står sterkt. Hovudmålet vårt i høve kompetansebygging og opplæring er:

FolkOrg skal fremje rekruttering og opplæring innan folkemusikk og -dans og styrkje det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane.

Rammeplanen for studiearbeidet og handlingsplanen for organisasjonen heng difor tett saman. Handlingsplanen gjeld for 2011–2015. Dei konkrete tiltaka i handlingsplanen vert reviderte på kvart årsmøte. Ved utarbeiding av ny handlingsplan i 2015 skal rammeplanen reviderast parallelt.

Rammeplanen er ført i pennen av rådgjevarane Marit Vestrum og Rannveig Djønné i FolkOrg. Dei har fått innspel undervegs i prosessen frå Terje Vinter, dagleg leiar i De unges Orkesterforbund, og Jon Olsen, dagleg leiar i Akershus musikkråd.

Rammeplanen er diskutert på styremøte i FolkOrg 8.november 2012 og endeleg vedteken av styret ved arbeidsutvalet 20. november 2012.

Oslo, 20.11.2012

Sign. Linda Dyrnes, dagleg leiar i FolkOrg

Innhald

1. Innleiing	4
1.1 Fagleg arbeid innan folkemusikk og -dans	4
1.2 FolkOrg og samarbeidspartnarar innan opplæring og undervisning.....	4
2. Bakgrunnen for rammeplanen til FolkOrg	5
2.1 Lov om vaksenopplæring	5
2.2. Opplæringsplattforma i Musikkens studieforbund	6
3. FolkOrg sitt faglege arbeid innan opplæring – lokalt, regional og nasjonalt.	6
3.1 Mål for opplæring og utdanning.....	6
3.2 Målgrupper	8
3.2.1 Lokallaga i FolkOrg.....	8
3.2.2 Kappleiksdommarar	8
3.2.3. Arrangørar.....	8
3.2.4 Utøvarar.....	9
3.3 Organisering og arbeidsmåtar.	9
3.4 Innhald og lærestoff	10
3.5 Samarbeid og samhandling	11
3.6 Utviklingsarbeid.....	12
3.7 Kvalitetssikring	12
3.8 Revidering av rammeplanen.....	12

Vedlegg 1 Vedtekter for FolkOrg

Vedlegg 2 Handlingsplan for FolkOrg 2011–2014

1. Innleiing

FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – vart skipa 21. november 2009 som ei samanslutning av Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn. FolkOrg er ein landsomfattande livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon med ope medlemskap. Organisasjonen har 150 regionale lokale spel- og dansarlag og kring 5000 medlemmer.

FolkOrg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje rollene og vilkåra dei har i samfunnet. Levande folkemusikk- og dansetradisjonar i Noreg står for eit mangfald av ulike sjanrar og lokale variantar. Desse har fått forma si gjennom langvarig bruk og utgjer fullverdig kunst med eigen rett. Ei styrking, synleggjering og formidling av dei levande folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sentralt i arbeidet til FolkOrg, men organisasjonen skal i tillegg fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

FolkOrg vil sikre best moglege vilkår for lag, utøvarar og arrangørar. Dette er med på å sikre høgt kunstnarleg nivå, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane på området.

Opplæring og utdanning innan folkemusikk og -dans i Noreg skjer fyrst og fremst lokalt. Arbeidet på lokalt plan har difor stor vekt i lagsarbeidet til FolkOrg.

1.1 Fagleg arbeid innan folkemusikk og -dans


Det faglege undervisningsarbeidet innan folkemusikk og -dans i FolkOrg skjer fyrst og fremst på lokalplan. Øvingar i spelemannslag og dansegrupper, kurs og prosjekt er i hovudsak initiert av lokallaga. FolkOrg regionalt (dei fylkesvise folkemusikklaga/områdelag) og sentralt arrangerer òg fagseminar over ulike emne, gjerne arrangert som helgesamlingar. Desse kan gjelde dommaropplæring, organisasjonsutvikling, kompetanseheving for utøvarar og arrangørar og anna.

1.2 FolkOrg og samarbeidspartnarar innan opplæring og undervisning

Folkemusikken og -dansen er ein kollektiv arv som alle medlemmer av eit lokalsamfunn har same rett til å ta del i. Det er difor ei viktig oppgåve for FolkOrg, med alle medlemmene og medlemslaga sine, å bidra til at folkemusikken får den plassen han skal ha i det offentlege utdanningssystemet og gjennom opplæring i friviljuge organisasjonar. FolkOrg samarbeider difor breitt i opplærings- og undervisningssamanheng med både offentlege og friviljuge organisasjonar.

Figur 1 syner dei viktigaste samarbeidspartnarane til FolkOrg innan offentleg og friviljug opplæring.

FolkOrg og samarbeidspartnarar innan opplæring og utdanning



Figur 1. FolkOrg og samarbeidspartnarar innan opplæring og utdanning.

2. Bakgrunnen for rammeplanen til FolkOrg

Ein stor del av opplæringa i FolkOrg skjer som vaksenopplæring. Slik opplæring er underlagd vaksenopplæringslova, gjeldande forskrifter og gjeldande regelverk i dei ulike studieforbunda. FolkOrg er tilslutta Norsk musikkråd, og opplæringa må difor til ei kvar tid fylgje krav, tidsfristar og normer der.

2.1 Lov om vaksenopplæring

Vaksenopplæringslova (Lov om vaksenopplæring av 19.06.2009) set rammene for kva tilskot medlemslaga i FolkOrg har rett på til opplæring.

Dei mest sentrale paragrafane for oss er:

§ 1. Formål

Formålet med denne loven er å fremme livslang læring ved å legge til rette for organiserte læringsaktiviteter ved siden av det formelle utdanningssystemet. Loven skal bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle, og slik fremme den enkeltes utvikling og møte behovene i samfunns- og arbeidslivet. (Side 2)

§ 4. Overordnede mål for studieforbundenes opplæringsaktivitet

Studieforbundene skal drive sin opplæringsaktivitet på grunnlag av følgende overordnede mål:

- a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for

- bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.
- b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.
 - c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.
 - d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.
 - e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.
 - f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne (Side 2).

Opplæringa i lokallaga våre, opplæring av kappleiksdømmarar og opplæring av arrangørar og utøvarar er i samsvar med alle punkta i vaksenopplæringslova, og ein får dermed sett verksemda til FolkOrg inn i ein større samanheng.

2.2. Opplæringsplattforma i Musikkens studieforbund

Føremålsparagrafen for Musikkens studieforbund seier ganske enkelt at hovudføremålet er å leggje til rette for opplæring i tråd med vaksenopplæringslova. I verdigrunnlaget til Musikkens Studieforbund finn ein verdfulle føringar som også gjeld for FolkOrg:

§ 1 Verdigrunnlag

Grunnlaget for Musikkens studieforbund ligger i en erkjennelse av at musikk er en kilde til glede og mening, til læring og personlig vekst, til sosial tilhørighet, identitet og mellomkulturell forståelse for mennesker. Denne erkjennelsen er knyttet til både musikk som egenartet kunst og kulturform og til musikk som grunnlag for sosial samhandling, helse og rehabilitering. For Musikkens studieforbund er alle musikksjangere likeverdige og omfattes av fellesskapets oppmerksomhet og omsorg. (2011:1)

3. FolkOrg sitt faglege arbeid innan opplæring – lokalt, regional og nasjonalt

3.1 Mål for opplæring og utdanning

FolkOrg skal fremje føremålet og verdigrunnlaget sitt gjennom:

- kulturpolitisk arbeid
- informasjon
- arenautvikling
- arrangørutvikling
- lagsutvikling
- utøvarutvikling
- kompetansebygging og opplæring
- organisasjonsutvikling

I handlingsplanen for 2011–2015 (revidert og vedteken på årsmøtet 21.–22. april 2012) er det spesielt under punkta kulturpolitisk arbeid, lagsutvikling, kompetansebygging og opplæring og organisasjonsutvikling ein finn mål for korleis FolkOrg ynskjer å arbeide opp mot læringsaktivitetar og kva organisasjonen ynskjer å oppnå. Punkta under er plukka ut frå handlingsplanen (sjølve tiltaka for å oppnå måla vert reviderte årleg og er med i vedlegg 2):

Kulturpolitisk arbeid

FolkOrg skal ivareta og styrke medlemmene og aktørane sine interesser og rettar på feltet, og styrke folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet.

Langsiktige mål (4 år)

- Samstemt! sine fire-års mål er oppnådd
 - KOMP, tilskotordninga for opplæringsmidlar, er auka til 6 mill.
 - Folkemusikk og -dans er synleg og anerkjend på kulturfeltet og i samfunnet elles.
 - Folkedansen har dei same vilkåra og status som folkemusikken.
 - Støtta til opplæringstiltak innan folkemusikk og -dans er auka.
 - Kulturskulane og Den Kulturelle Skulesekken i heile landet har tilbod innan folkemusikk og folkedans.

Lagsutvikling

FolkOrg skal stimulere til aktivitet i laga og arbeide for at lag og tradisjonsoverføring har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (4 år)

- Talet på kulturskular og lokallag som samarbeider om opplæring i folkemusikk og -dans er auka.
- Lokallaga har gode møteplassar for tradisjonsoverføring.

Kompetansebygging og opplæring

FolkOrg skal fremje rekruttering og opplæring innan folkemusikk og -dans, og styrke det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane.

Langsiktige mål (4 år)

- Medlemmer og andre interesserte er informert om og har kjennskap til utdannings- og kurstilboda på feltet.
- Auka deltaking på nasjonale og internasjonale kurs og arrangement.
- Feltet har eit breitt utval av kompetente kappleiksdommarar innan både folkemusikk og -dans.
- Musikk lærarar er kjende med folkemusikk og -dans, og har tilgang til tilpassa undervisningsopplegg.

Arrangørutvikling

FolkOrg skal stimulere til arrangement av konsertar og dans med folkemusikk og arbeide for at arrangørane har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (4 år)

- Arrangørar er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Talet på folkemusikkonsertar og dansearrangement er auka landet rundt.
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet på arrangørstøtteordninga har auka, og løyvingane til folkemusikkarrangørar er auka med 100 prosent.
- Folkemusikk og -dans blir presentert på fleire, nye og eksisterande arenaer.

Utøvarutvikling

FolkOrg skal stimulere til aktivitet og arbeide for at utøvarane har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (4 år)

- Utøvarar innan folkemusikk og -dans er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Utøvarar av folkemusikk og -dans er kjende med relevante aktørar og samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt.

3.2 Målgrupper

3.2.1 Lokallaga i FolkOrg

Opplæringsverksemda i FolkOrg er hovudsakleg knytt til opplæring i spel, song og dans i regi av lokallaga våre. Mesteparten av arbeidet i tradisjonsformidlinga må gå føre seg her. Det gjeld vaksenopplæringstilbod, samarbeid med kulturskulen, samarbeid med kulturetaten og andre lag i heimkommunen, lokale prosjekt og lokalt lærestoff. FolkOrg sentralt legg vekt på å vere rådgjevar, utarbeide søknadsrettleiarar og vere tilretteleggjarar slik at lokallaga kan oppretthalde opplæringsaktivitetane.

Organisasjonen arrangerer òg nasjonale kurs for medlemmer i lokallag/tillitsvalde i organisasjonsarbeid, rekruttering, søknadsskriving, jobbing opp mot media med meir.

3.2.2 Kappleiksdommarar

FolkOrg har òg ansvar for å ha høgt kvalifiserte dommarar tilgjengelege under kappleikar både på lokalt og nasjonalt plan. Difor har det mellom anna i 2011 vorte arrangert dommarkurs i vokal og dans. Deltakarane her har vore både erfarne dommarar og utøvarar som ynskjer å setje seg inn i fagfeltet og etter kvart prøve seg som dommarar. Samarbeidspartnarar her har mellom andre vore Norsk Kvedarforum og Rådet for folkemusikk og folkedans.

3.2.3. Arrangørar

Talet på konsertarrangørar innan folkemusikk har auka dei siste åra, og fleire er i ferd med å byggje seg opp kompetanse innanfor arrangørverksemda. FolkOrg ynskjer å bidra til at desse scenene har den kompetansen og det nettverket dei

treng. Når vi arrangerer kurs for folkemusikkarrangørar samarbeider vi t.d. med folkemusikksentra (kompetansesenter i folkemusikk og folkedans), festivalar og konsertarrangørar innan andre sjangrar som jazz og rock.

3.2.4 Utøvarar

Innan sjangeren folkemusikk og folkedans er det stadig fleire som satsar profesjonelt. FolkOrg arrangerer kurs for desse og vidaresender informasjon om kurs som andre aktuelle aktørar arrangerer.

3.3 Organisering og arbeidsmåtar.

Norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar står for kulturelt mangfald, og opplæringa skal derfor vere open og demokratisk. Det meste av opplæringa i lokallaga og av konsertarrangørar og yrkesutøvarar, er dermed underlagd vaksenopplæringslova og vil kunne verte godkjend som vaksenopplæringsverksemd som kan søkje stønad gjennom vaksenopplæringsmidlane. Opplæring av born og individuell opplæring fell utanfor vaksenopplæringslova.

Opplæringa i lokallaga skjer ved kontinuerlege øvingar gjennom heile året. I tillegg arrangerer lokallag og regionlag kortare kurs og seminar. Mange lokallag har intensive periodar før kappleikar, turar og større oppdrag. Undervisninga er for det meste i større grupper, men instruksjonen går av og til føre seg i mindre grupper eller individuelt.

Laga har ei open verksemd og er eit breiddetilbod. Laga har likevel ulike nivå, ambisjonar og fokus. Opplæringa skal i alle lag tilpassast slik at spelemenn og dansarar på ulike nivå kan utvikle seg teknisk og musikalsk.

Alle lag skal ha eit demokratisk styre som har ansvar for planlegging, informasjon og gjennomføring av verksemda. Laget må ha ei tydeleg målsetjing med opplæringa, og det må utarbeidast naudsynt dokumentasjon til rapportering og søknadar.

Instruktøren har ei sentral rolle i opplæringa i spel- og dansarlaga. FolkOrg sentralt og regionalt arrangerer instruktørkurs. Elles har instruktørane gjerne pedagogisk utdanning eller danseinstruktørkurs frå NU (Noregs Ungdomslag). Instruktørane er fagfolk innan den/dei lokale tradisjonen/-ane laga arbeider med. Instruktøren har oftast oppgåver som utval og tilrettelegging av slåttar og dansar, gjerne i samarbeid med ei arbeidsgruppe. I spelemannslag har instruktøren gjerne ansvar for å arrangere nytt materiale. Arrangering er også ein måte å tilpasse opplæringsmaterialet til dei ulike nivåa på utøvarane i laget.

Ved kortare kurs og seminar hentar ein gjerne instruktørar utanfrå. Nytt materiale og variasjon i innlæringsmetodar er inspirerande og utviklande. Kortare kurs er også ei viktig kjelde til rekruttering til laga.

Folkemusikk og folkedans er i Noreg hovudsakeleg munnleg tradert. Opplæring i spelemannslag og dansarlag er vanlegvis praktisk retta. Ein lærer på gehør og etter herming. Tekniske hjelpemiddel som lydopptakar og filmkamera kan òg nyttast.

Bruk av notar og nedteikningar varierer frå lag til lag. I spelemannslaga er målet vanlegvis at alle spelar utan notar ved framføring.

Ein del lokal- og regionallag arrangerer sommarkurs for unge, gjerne i samarbeid med andre lag og instansar. Sommarkursa satsar regionalt, men ettersom ein ikkje har sommarkurs i alle regionar, melder det seg gjerne på ungdommar frå andre kantar av landet.

Dommarkurs og instruktørkurs vert arrangerte regionalt eller sentralt.

Domsmargjeringane er knytte til region eller landsdekkande arrangement som fylkeskappleikar, områdekappleikar, Landskappleiken og Landsfestivalen i gamaldansmusikk. Dette er opne kurs, men ein bør ha ein viss grunnkunnskap innan folkemusikk og folkedans om ein skal nytte innhaldet i kurset som instruktør eller dommar. Kursa er både teoretisk og praktisk lagde opp. Instruktørane er spesialistar frå folkemusikk- og folkedansmiljøet.

Opplæringa av arrangørar skjer både lokalt, regionalt og nasjonalt gjennom enkeltstående kurs og seminar. Kurs og seminar for yrkesutøvarane er hovudsakeleg lagt til nasjonalt nivå. Kursa er gjerne i samarbeid med andre organisasjonar eller instansar, og innleiarane er gjerne spesialistar frå andre kunstsjantrar. Ofte er diskusjon og utveksling av erfaring ein viktig del av kurset.

Dommarkurs, instruktørkurs og kurs for utøvarar og arrangørar vert gjennomførte med tanke på å rekruttere nye og å styrkje etablerte dommarar, instruktørar, lokale arrangørar og utøvarar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet.

3.4 Innhald og lærestoff

FolkOrg har opplæring og kurs både for amatørar og på høgare nivå.

Lokallagsopplæringa er stort sett på amatørnivå, mens kurs for instruktørar, arrangørar og yrkesutøvarar er gjerne på høgare nivå. Innhaldet i opplæringa vil vere tilpassa måla i det enkelte tiltaket og det enkelte laget med utgangspunkt i førehandsgodkjende og egne studieplanar.

Opplæringa er hovudsakleg i grupper der ein lærer samspel/samdans, samstundes som ein fokuserer på teknisk og musikalsk eigenutvikling for kvar utøvar. Kursdeltakarane får òg kjennskap til musikk- og dansetradisjonar i Noreg og forståing av seg sjølve som del av ein tradisjon. Opplæringa har ringverknader som auka kompetanse i innlæring som prosess, deltaking, samarbeid og demokrati, og meir bevisstgjering kring musikk og dans generelt. Verksemda er også kjelde til identitet og livsutfalding både for det einskilde menneske og samfunnet.

Laga fordjupar seg vanlegvis i lokalt tradisjonsstoff og lokale stiltrekk, lært av tradisjonsberarar eller kjeldemateriale i form av nedteikningar eller lyd-/filmopptak. Dei vanlegaste slåtte- og dansetypane er da bygdedans, runddans og turdans. Opplæringa er knytt til formidling, vidareføring av folkemusikk- og folkedansttradisjonar i Noreg og nyskaping innanfor rammene av tradisjonen.

Slåtte- og dansematerialet, med arrangement, er tilpassa samspel- og samdansforma gjennom mange år med opplæring i spel- og dansarlag. For eksempel vel ein gjerne slåttar, dansar og variantar som er godt eigna til å spele og danse fleire i lag. Folkemusikk i Noreg er gjerne tradert og utvikla gjennom solistisk framføring, og det kan vere nødvendig med tilpassingar/forenklingar i samband

med opplæring og framføring i grupper. Arrangementa i spelemannslaga byggjer på eldre tradisjonar og er tilpassa samspel og instrumentsamansetning. For folkedansen er forståing av og samspel med musikken ein viktig del av opplæringa.

Nokre lokallag siktar mot høge poengsummar på kappleik, medan andre konsentrerer seg til dømes om grunnopplæring eller dansespel. Likevel skal opplæringa i alle lag vere tilpassa slik at spelemenn og dansarar på ulike nivå kan utvikle seg teknisk og musikalsk. Laga er opne for alle typar instrument, og samansetnaden av instrument i spelemannslaga varierer. Opplæring og materiale rettar seg oftast mot fele, hardingfele, trekkspel og av og til gitar og bass med kompfunksjon, men skal tilpassast andre instrument som deltek i laget.

Instruktørkurs er retta mot instruktørar i lokallaga og er opplæring i pedagogisk og musikkjangerspesifikk kunnskap som gjer at dei kan arbeide med opplæring etter FolkOrg si målsetjing og vaksenopplæringslova.

Dommarkurs tek føre seg bruk av dommarskjema som er utvikla av FolkOrg. Ein ser også på ulike tradisjonar og uttrykk ein møter på kappleikar, problemstillingar i samband med dømning av musikk og dans og gjev praktiske tips og råd om korleis ein går fram.

Det faglege innhaldet i opplæringa av folkemusikk- og folkedansarrangørar er generell kunnskap om konsertarrangering. For meir sjangerretta kunnskap tek ein utgangspunkt i kompetanse frå folkemusikkfestivalar og folkemusikkscener frå heile landet.

Kurs og seminar for yrkesutøvarane inneheld kunnskap om korleis ein skal gå fram for å kunne leve som profesjonell musikar eller dansar generelt, og korleis landskapet ser ut meir spesifikt for profesjonelle folkemusikarar og folkedansarar.

FolkOrg ynskjer til ei kvar tid å halde både arrangørar og utøvarar oppdaterte på nye ordningar og norsk kulturpolitikk, og målet er at kurs og seminar i regi av FolkOrg skal vere møteplassar kor ein får diskutert aktuelle utfordringar og tema og utveksla erfaringar. For utøvarane vil den internasjonale marknaden også vere eit viktig tema.

3.5 Samarbeid og samhandling

Gjennom samarbeidet med andre organisasjonar og instansar er det lettare for FolkOrg å oppnå måla sine og få gode resultat i arbeidet med opplæring innan folkemusikk og folkedans i Noreg.

FolkOrg samarbeider både sentralt, regionalt og lokalt med Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund om kurs, studieplanar og søknadsskriving. Lokal- og områdelaga samarbeider gjerne med andre spel- og dansarlag, eller lokale kor og orkester i nærområdet, om øvingar, kurs og seminar, noko som er med på å skape eit rikare og meir stabilt musikk- og dansemiljø i nærmiljøet.

Dei ulike laga i FolkOrg samarbeider også med kommunale kulturskular og andre undervisningsinstansar som for eksempel Noregs Ungdomsslag om opplæring og instruktørtenester. FolkOrg ynskjer i framtida å arbeide for gode samarbeidsmodellar og meir samarbeid mellom kulturskular og lokallag. Eit slikt samarbeid styrkjer opplæringsmiljøet og sikrar kvalitet og kontinuitet på opplæringa i folkemusikk og folkedans i Noreg. Mange spel- og dansarlag

samarbeider tett med lokale og nasjonale arkiv når dei skal finne materiale til opplæringsverksemda.

Kompetansesentra innan rytmisk musikk er ein naturleg samarbeidspartnar for FolkOrg med tanke på kurs og seminar innanfor det profesjonelle feltet, altså arrangørutvikling og utøvarverksemd. FolkOrg og kompetansesentra har samarbeidd om å spreie informasjon om kurs og har vore i dialog om ansvarsfordeling på dette området.

3.6 Utviklingsarbeid

FolkOrg arbeider kontinuerleg med fleire og betre opplæringstilbod til medlemmene sine på mange felt.

Utviklingsarbeidet er spesielt knytt til:

- samarbeid mellom lokallag og kulturskular
- dommarkurs
- arrangørutvikling
- utøvarutvikling
- rekruttering av born og unge

Utviklinga skjer gjennom tett dialog med medlemmene og folkemusikk- og folkedansfeltet generelt. Slik utviklar ein opplæringstilbod som gjev laga, arrangørane og yrkesutøvarane den kompetansen dei til ei kvar tid treng for å gjennomføre aktivitetane og nå måla sine.

3.7 Kvalitetssikring

Opplæringsplanane og studieplanane skal omtale metodar for vurdering og kvalitetssikring. I den lokale opplæringa har kvart lag ansvar for at ein held seg til planen og evaluerer prosessen og resultatet etterpå. Erfaringa av evalueringa skal påverke planleggingsarbeidet framover. Det er viktig at evalueringa er demokratisk og at medlemmene har ei medverkande rolle i korleis opplæringa skal verte organisert og gjennomført i framtida. I kurs arrangert av FolkOrg sentralt har sentraladministrasjonen og styret ansvar for dette arbeidet. FolkOrg sentralt har samtidig eit overordna ansvar der ein fylgjer med aktiviteten over heile landet, og har i handlingsplanen sett opp konkrete mål om kva FolkOrg skal oppnå med opplæringa. Aktiviteten vert årleg evaluert opp mot handlingsplanen og måla der i ei årsmelding. Samstundes skal aktiviteten evaluerast opp mot dei langsiktige måla etter ein fireårsperiode.

3.8 Revidering av rammeplanen

Rammeplanen for studiearbeidet og handlingsplanen for organisasjonen heng tett saman. Handlingsplanen gjeld for 2011–2015. Dei konkrete tiltaka i handlingsplanen vert reviderte på kvart årsmøte. Når ny handlingsplan skal utarbeidast i 2015, skal FolkOrg parallelt revidere rammeplanen.